

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 09.12.2015**

**Deloitte v/ Marit Brochmann** presenterte rapporten "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular".

Leiaren av kontrollutvalet, Inge Reidar Kallevåg, orienterte.

**Silje Hjeddal** (Frp) sette på vegner av Frp og A fram slikt forslag:

"Tillegg:

Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan."

**Fylkesrådmannen** sette fram slikt forslag:

"Tidsfristen i punkt 7 vert justert frå 1. februar til 1. mars 2016."

### **Røysting**

Innstillinga med fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Hjeddal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

På bakgrunn av forvalningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegg risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skolemiljø, jf. opplæringslova § 9a.
2. Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf. opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttmateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggande arbeid i skulen.
3. Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar.
4. Sikre at skulane involverer helsesøster og dei kommunale helsetenestene i rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf. rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.
5. Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggande arbeidet.
6. Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttmateriell for rusførebyggande arbeid i skulen.
7. Laga ein handlingsplan innan 01.03.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
8. Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.